

# Kvantifisering og typologisering av språkendring og samfunn

Helge Sandøy

## 1. Bakgrunn

Alle som er interessert i språk, og særlig dei som har språk som fag, jamfører stadig dialektar, språk og språkstadium og uttalar seg om store og småe forskjellar. Alle uttalar vi oss kvantitativt anten vi vil det eller ikkje. For eksempel er det vanlig hos nordmenn å framheve at det skjer ei svært *stor* språkendring i vår tid. Fagfolk veit at det også i seinmellomalderen skjedde *store* språkendringar. Kan f.eks. desse to endringsperiodane på noen måte samanliknas?


Når vi uttalar oss, kvantifiserer vi a) språkendringar, b) språkforskjellar og 3) påverknadskrefter. Men det er behov for å få betre kontroll med dei kvantitative utsegnene våre, for det ligg for mye subjektivitet i påstandane, og dei avspeglar nok ofte dei kulturelle stereotypiane, som lett styrer fokuseringane våre. Ja, kan vi etablere ein ikkje-subjektiv målestav, kan vi lettare også studere sjølve stereotypiane og fundere over kva dei er uttrykk for. Det siste ville vere språksosiologisk interessant.

Nytten av sikrere måtar å kvantifisere på kan altså vere:

a) at ein kan gjennomføre betre og meir kontrollerbare analysar av endringar i språkbruken og årsaker til endringane – og dermed overprøve generelle utsegnar om språkhistoria,

b) at ein kan avsløre korleis dei ikkje-overprøvde førestillingane våre om språket er uttrykk for ideologi (eller kulturelt bunden oppmerksomheit), dvs. at vi kan bli meir bevisste på at vi faktisk har to ulike forskingsobjekt som vi blandar for mye saman, jf. figur 1.

(1)



I historisk orientert sosiolingvistik er ein interessert i vilkåra for språkendring, og ofte viser ein til begrepet "samfunnstype" som forklaring på store eller

småe endringar og på kva type endring som naturleg skjer. Skal vi komme lenger med slike teoriar, treng vi òg å etablere ein typologi som kan vise at han samsvarar med språkendringane.

Da symposietemaet vårt, “nya perspektiver inom nordisk språkhistora”, kom, fann eg eit godt høve til å presentere noen av idéane som kanskje kan brukas på det språkendringslaboratoriet som Norden er. Faktisk har vi ein stor kunnskapsbase om språkendringar, og dessutan har vi stor variasjon i samfunnstypar i dei nordiske landa. Mye skulle dermed ligge vel til rette for eit eksperiment.

## 2. Mål og problemstilling

Eit konkret og avgrensa mål med dette eksperimentet er å utvikle ein modell som er til hjelp når ein skal skaffe seg innsikt i korleis og kor mye samfunnet påverkar språket. Modellen skal gi oss eit kategoriserings- og måleinstrument.

Det kan opplevas som tvilsamt å kvantifisere språklige fenomen, for kvart fenomen kan settas inn i svært mange perspektiv. Kvantifisering og typologisering føreset at ein tar utgangspunkt i forskjellar eller strukturelle motsetningar av ein eller annan type, men når så mange typar forskjellar kan seias å vere relevante, føler ein alltid at ein gjør brott mot noe. Eg har stor sans for eit standpunkt om at språk kan ikkje kvantifiseras, men samtidig har vi faktisk stort behov for å gjøre det.

Eg veit ikkje korleis sosiologar og samfunnsvitarar har ført sine diskusjonar, men eg kan godt tenke meg at dei på tilsvarande måte har motførestillingar til å kvantifisere og typologisere samfunn. Men dei skil likevel mellom f.eks. urbane miljø og rurale miljø når dei lagar statistikkar, og dei vinn innsikt nettopp gjennom målestavane sine. Dei vekker sjølv sagt til live att motførestillingane når dei skal tolke resultata. Kvantifiseringane og typologiseringane må tolkas med skepsis.

Eg trur også at det å sette i gang med eit så dristig eksperiment på vårt område, vil provosere fram mange nyttige diskusjonar som kan gi oss viktige sosiolingvistiske innsikter. Bare dét er òg eit godt formål!

Det eksisterer alt ein del hypotesar om forholdet mellom samfunn og språk, f.eks. slike som Peter Trudgill har ført fram om at små stabile miljø kan utvikle strukturelle kompliseringar som er unaturlege fonologiske og morfologiske drag. Eit eksempel på det er den færøyske skjerpinga (f.eks. *oy* > *oyggj*, *sjó* > *sjógv*), som Trudgill (1997) viser har ein parallell i ein austerrisk landsby. Meir allment er det vel godtatt at større flyttingar til eit samfunn skaper morfologiske forenklingar. Trudgill har nylig påstått at flyttingar og stor kontakt fører til eit lite fonemapparat. Det avviser andre når dei blir bedt om å overprøve påstanden hans, men likevel var det nyttig at han påstod sitt først (jf. nr. 8-3 av *Linguistic Typology* 2004). Slike diskusjonar er ein fruktbar veg å gå vidare på.

## 3. Samfunnet

Mellom andre James Milroy (1992) og Peter Trudgill (1986, 1997 og 2002) har lagt vekt på at faktorar som samfunnsstørrelse, tettleik i dei sosiale nettverka og kontaktar utover verkar inn på språkendringa. Henning Andersen (1988) har lansert idéar om at endosentriske og eksosentriske samfunn utviklar seg ulikt. I eit prosjekt Gunnstein Akselberg og eg planlegg, vil vi bruke denne typologiseringa av norske språksamfunn som vi skal undersøke:

- a) storbyar (over 50 000),
- b) småbyar,
- c) “landsbyar”,
- d) grisgrendte strøk,
- e) nye industristadar.

Dei fire første typane går mye på størrelse, den siste må vi ha med pga. at vi i løpet av 1900-talet har fått ein del spesielle industrisamfunn som har oppstått av nesten ingen ting og blitt til språklige smeltegryter som er reine gåvepakker til sosiolingvistar. Dei fire første typane kan statistikarane hjelpe oss med å definere ut frå begrep som sentralitet, tettleik og næringsstruktur. Dessutan ønskjer vi å dra inn tilleggsfaktorar som utpendling og kulturell fokusering; den siste faktoren må vi sjølve operasjonalisere ved å finne gode indikatorar for aktivt lokalt kulturliv.

Inn i ei forskingsmatrise over desse typane og faktorane reknar vi da med å ha fått kategoriane som kan beskrive skalaen mellom ytterpunktene av samfunnstypar i Norge. Vår idé er sjølv sagt at desse makrofaktorane vi har bygd inn, er slike som legg vilkår for det sosiale miljøet, påverkar nettverka osv., som igjen verkar inn på den sosiale identiteten åt enkeltindividene og dermed på den språklige åtferda og dei språklige endringstendensane.

Meir skal vi ikkje drøfte samfunnstypologiseringa her. Poenget er at ei forskingsmatrise bygd på desse ytre faktorane skal kunne korreleras med språklige analysar der vi kvantifiserer endringane som har skjedd i ulike samfunn.

## 4. Forskjellar og endringar

Vi bør presisere at å måle *forskjellar* er noe anna og kanskje vanskeligare enn å måle *endringar*. Etter strukturalistisk tankegang er det jo slik at f.eks. ein lyd har ulik status i to ulike språkstrukturar pga. at dei systematiske relasjonane er ulike. Ein *a* i eit trevokalsystem er ikkje det same som ein *a* i eit tivokalsystem. Ut frå dette blir mangt inkommensurabelt. Og vi forstår lett at det må vere nok så håplaut å kvantifisere forskjellane på f.eks. vietnamesisk og norsk.

Sjølv om ein skal begynne å rekne på forskjellane på dansk og norsk tale-

mål, vil ein få svært store problem både med å definere variablar og med reknemåten. Men nå nærmar vi oss det som er mulig å arbeide med, og Levenshtein-metoden (Nerbonne & Heeringa 2001) har fornuftig nok starta med å sjå på *dialektforskjellar*, dvs. relativt like språkssystem. Dessutan har den basert seg på fonetikk. Slike avgrensingar er nok nødvendige i ein utprøvningsfase.

Når ein skal studere endringar, kan ein komme fri noen av problema med kommensurabiliteten mellom ulike system, for ein har eit diakront referansepunkt, eller utgangspunkt, og det er gitt kva retning ein måler i. Måler ein forskjellar på a og b, er ikkje retninga gitt, og forskjellen kan vere større sett frå a enn sett frå b dersom ein legg ei systemforståing til grunn. Om to dialektar, I og II, har eit felles drag a i utgangspunktet, og dialekt I endrar det til b, blir forskjellen I i Levenshtein-metoden, for den har ikkje eit diakront perspektiv. Måler vi endring, er det interessante at I har endra seg eitt "hakk", mens II har endra seg 0 "hakk".

## 5. Endringar

Når vi skal måle endringar, har vi to hovudproblem:

- a. å definere kva som er endringa,
- b. å finne ei vekting av endringa.

For ikkje-lingvistar blir endringar ofte oppfatta som nye ord og uttrykk. For oss er det naturleg å tolke dei språkstrukturelt, dvs. som grammatisk og leksikalsk endring. Og dei grammatiske kan vi analysere etter ein eller annan modell. Kva for ein grammatisk modell, er ikkje det største problemet akkurat nå. I alle fall kan vi bruke tradisjonell nivådeling i syntaks, morfologi og fonologi.

### 5.1. Grammatikk som målestav

Eg begynner med å vise eit lite eksperiment eg prøvde meg på for noen år sia, for eg følte behov for å trekke opp eit historisk perspektiv på påstandane om dei enorme endringane i språket i vår tid (Sandøy 2000). Eg ønskte å lage eit spidometer for tempoet i endringane. Derfor tok eg ein tekst frå *Ólafs saga ins helga* og skreiv han ut i ei språkform som skulle passe til beskrivingane av gammalnorsk tidlig på 1200-talet. Det vil seie den norske varianten av norrønt på Snorre si eiga tid. Dermed er vi nokså nær 800 år tilbake i tida. (Til presisjon kan eg nemne at det vil seie at det er lagt inn eit skilje mellom lang *a* og lang *o* med kvist (dvs. *á* ≠ *ǫ*), som framdeles fans på gammalnorsk, men som ikkje fans i gammalisländsk, og heller ikkje i den norrøne skriftnorma som blei konstruert på 1800-talet. Teksten er språklig tilfeldig valt. Litterært er han ikkje tilfeldig, for dette er jo frå eitt av dei verkkelige høgdepunkta i norsk historie og i norsk litteratur, nemlig da Tormod Kolbrunarskald var sára i Stikle-

stad-slaget i 1030 og gjekk bort frå kamphandlingane. Etter å ha kvede eit par strofer søkte han inn i eit lite hus. Det vesle tekstutdraget frå sirka 1200 lyder:

(2)

Þormóðr gekk síðan í brott til skemmu nǫkkurrar, gekk þar inn. Vǫru þar áðr margir menn inni fyrir, sárir mjök. Var þar at kona nǫkkur ok batt um sǫr manna. Eldr var á golfinu, ok vermði hon vatn til at fægja sǫrin.

Med utgangspunkt i standardverk i norsk språkhistorie skal same teksten 300 år seinare ha lydd som i (3) – om vi held på dei gammalnorske leksema. Her held vi oss noenlunde midtstraums i utviklinga av norsken og overser dialektforskjellar.

(3)

Tormu gjekk si:a i brott ti:l ei skjemme, gjekk de:r inn. Vǫ:re de:r ǫ:r mange menn inne-fy:re, mjø:g sǫ:re. Va:r de:r ǫ:t ei ko:ne ǫ batt um sǫ:ra ǫ:t mennǫ. Eld va:r pǫ go:va, ǫ vermde hu: vatn til ǫ: fæ:gje sǫ:ra.

For å nå fram til dette språksteget kring 1500 har vi passert 20 språkssystemendringar, og delt på 300 år gir det 6,7 endringar per hundreår. Dei aktualiserte systemendringane i tekst (3) står i stikkordsform i (4).

(4) Systemendringar i norsk 1200–1500 aktualisert i tekst (3):

*Fonologiske:*

- 1) *ó* > *u*
- 2) *ð* > *÷*
- 3) *-n* > *÷*
- 4) *þ*- > *d*- i pronomen og adv. (trykklette ord)
- 5) (trykklett) *-k* > *-g*
- 6) *ǫ* + *á* > *ǫ:*
- 7) *l* > *ʀ*
- 8) *at* + *ok* > *ǫ*
- 9) Progressiv j-omlyd
- 10) Kvantitetsomlegging
- 11) Reduksjon *a, i, u* > *e*
- 12) Fonemisert palatalisering av velarar (NB: ev. før 1200, for reduksjonen er belagt på 1100-talet)

*Morfologiske:*

- 13) *-r* (nom.) > *÷*
- 14) *-in* > *-a*
- 15) Pret. *-ði* > *-de*
- 16) *nǫkkurr* > *ein*
- 17) *at* > *át*
- 18) Flt. adj. og pron. *-ir, -ar* > *-e*

*Syntaktiske:*

- 19) Førestilt adjektiv, kvantor etc.
- 20) Genitiv > preposisjonsuttrykk

Det kan vere eit drag for mye eller for lite på lista pga. usikkerheita om kva tid endringane blei gjennomført, men dét er neppe utslagsgivande for resonnementet.

Kva må så skje for å komme fram til i dag? På moderne gjennomsnittsnorsk kan denne teksten sjå ut som i (5) om vi endrar minst mulig.

(5)

Tormod jekk si:a bort til ei stō:ve ɔ jekk-inn de:r. De: va:r mange menn de:r innafo:r, svæ:rt sō:ra. De:r helt ei kō:ne pō: ɔ batt om sō:ra ɔ:t mennene. De: var eld pō: gōtve, ɔ ho: vermde vatn til ɔ: reinse sō:ra.

På desse neste fem hundreåra etter 1500 må vi igjennom dei elleve endringane i (6) for å nå fram til ei “gjennomsnittsnorsk” språkform som i (5). (Her ser vi altså igjen bort frå leksikalske endringar, for dei er vanskeligare å datere.)

(6) Aktuelle systemendringar 1500–2000:

*Fonologiske:*

- 1) *gj > j, skj > sj*
- 2) Retroflekttering (ev. før)
- 3) Kort o > ɔ
- 4) *ŋg > ŋ*
- 5) Kort vokal > lang vokal framom enkel konsonant

*Morfologiske:*

- 6) Bortfall av talbøying (flt. > eint.)
- 7) Samanfall av dativ og nemneform

*Syntaktiske:*

- 8) Kopling av verb + retningsadverb i posisjon og tonemgruppe
- 9) Konnektiv inversjon fell bort
- 10) *vera at > halde på og*
- 11) Presenteringskonstruksjonen blir innført

Dette blir 11 endringar på 5 hundreår, og dermed 2,2 endringar per hundreår, altså 4,5 færre enn før reformasjonen! I vår tid – ev. på 1900-talet – kan vi knapt seie det føregår noken opplagt omlegging i noe språkdrag som er representert i denne teksten. Samanfallet *ʃ + ç*, – som “alle” i Norge snakkar om – er ikkje frekvent nok til å vere representert i teksten. Sett på spissen kan vi dermed seie at det nå er på tide at noe skjer att!

Eg har ikkje prøvd å avgjøre kva ord som framdeles fans kring 1500, så eg har ikkje gått inn på eit ev. skiftande tempo i leksikalske endringar. Men for ordens skuld må det nemnas at her er i alt bytt ut 6 leksem frå 1200 til 2000 i ein tekst på 42 ord i utgangspunktet.

Det er mange refleksjonar som kan gjerast kring dette eksperimentet. Det viser i alle fall eit enormt språkkras dei første tre hundreåra i perioden, altså i seinmellomalderen. Sjølv om Indrebø (1951), Seip (1955) og Sandøy (1985) kan ha tatt litt feil i ei eller anna språkending i denne opprekninga, kan det ikkje forandre hovudinstrykket. Resultatet gir oss faktisk eit sterkt behov for ei god samfunnsmessig forklaring på korleis dette kan ha føregått. Eg har forslag til forklaring, men det skal vi ikkje ta opp her, for dette er ein metodediskusjon.

Her har vi gått reint strukturgrammatisk til verks, og vi har liksom oversett teksten. Viss vi nå tenker generativt på dette, kan vi seie at vi har talt opp dei forandringane som må gjerast i det dataprogrammet i hjernen vår som “tanka-

ne” må gå igjennom når vi produserer tekst. Vi tar ikkje omsyn til at somme av programbitane blir brukt svært mange gonger, andre færre gonger i språkproduksjonen. Vi har altså ikkje brydd oss om frekvensar, dvs. kor ofte eit fenomen dukkar opp i språkproduksjonen. Implikasjonen er at dersom ein regel eller ein ny struktur først er oppretta, kostar det nett det same om ein brukar han ein eller mange gonger.

## 5.2. Frekvens som målestav

I norsk sosiolingvistikkk fins ein praksis med å rekne i *tradisjonsprosent* eller *dialektprosent* – og det motsette (eller komplementære) er blitt kalla *modifiseringsprosent* eller *endringsprosent*. Dei første som brukte det, gjorde leksikalske studiar over fleire generasjonar. Det ein oftast gjer, er å summere og rekne gjennomsnitt for resultatata for alle språkvariablane som er brukt i enkeltgranskinga. Det kan ein gjøre per informant, per gruppe eller for heile informantutvalet. Eit gjennomsnitt på 100 % vil da seie at informanten snakkar heilt i tråd med eit tradisjonsideal som er sett opp. Eller vi kan snu på skalaen og seie at det er ein endringsprosent på 0.

Dette er ein god og ryddig måte å generalisere på innafor eit enkeltprosjekt så lenge reknegrunlaget er eins for alle informantane. Det vanlige er at grunnlagsmaterialet er intervju på band som er analysert med å telje opp frekvensar av variantane ein studerer. Dette har vore ein mal for mange hovudfagsprosjekt (og nå mastergradsprosjekt).

I slike statistiske oppsummeringar i ein dialekt- eller endringsprosent er det fleire måtar å gå fram på. Vanligast er det å rekne prosent først på enkeltvariablane, og så reknar ein snitt av alle prosentane for å finne endringsprosenten for enkeltinformanten. Når ein så kjem til det stadiet at ein skal rekne samla endringsprosent i gruppa, er det vanligaste å rekne det også som snitt på prosentane på individnivået, dvs. utan å gå tilbake til belegg-nivået, for reknar ein på belegg-nivået, kjem dei snakkesalige til å verke meir inn på resultatet enn dei meir tause informantane. Ettersom slike endringsprosentar ikkje gir seg ut for å gi meir enn ei enkel oversikt, og ettersom formålet er jamføringar internt i prosjektet, fungerer det bra, for metoden er konsistent innafor studien. Men dette fungerer ikkje når vi ønskjer å jamføre resultatata mellom fleire granskingar og bruke dei i større jamførande arbeid.

Kvar variabel verkar altså like mye inn på snittet i endringsprosenten. Denne reknemåten liknar ein del på den eg viste med teksten frå Ólafs saga der kvart strukturelt endringsdrag vog like mye. Følgja av det er at dialektdrag som blir brukt bare annakvar veke, tel like mye som slike som førekjem i kvar setning. For eksempel dukkar variabelen rotvokal i supinum 2. klasse sterke verb, nemlig variasjonen mellom f.eks. *bròte* – *brøte*, opp éin gong per 100 000 ord i ein gjennomsnittstekst. Fenomenet reflektering blir derimot aktualisert i kvart 40. ord i ein tekst.

Da ser vi at det kan bli urimelig om vi jamfører prosenttal der f.eks. desse

to variablane får same vekta i utrekninga av endringsprosenten. Er ein ikkje observant på dette kritiske momentet på talbruken, kan det også gå gale innafør enkeltprosjekta. Det er tilfelle der konsekvensane av endringar i lågfrekvente drag blir like sterkt dramatisert som endringar i dei høgfrekvente. Da manglar opplagt eit kritisk perspektiv i arbeidet.

Eg har eksperimentert ein del med ein alternativ reknemåte, der poenget er at fenomena skal få vekt etter frekvensen. Her blir premissen at det som har høg frekvens i språkbruken, veg mest.

For å lage ein målestav for vekting etter frekvensmetoden, må ein tenke seg ein "gjennomsnittstekst", dvs. ein tekst som representerer gjennomsnittet av språket. Helst skulle dette ha vore gjennomsnittet for talemålet. I Norge har vi foreløpig ikkje gode nok talemålsdatabasar, så eg har måtta finne meg i å eksperimentere med skriftmålsmateriale. Det er ikkje heilt bra, men dei store utslaga får det kanskje ikkje for akkurat dei fonologiske og morfologiske variablane. Største forskjellane ligg nok i tekstoppbygging, syntaks og ordforråd, som eg ikkje drar inn her. Om dei også verkar inn på frekvensen av høg- og lågfrekvente bøyingsklassar, er eg usikker på. Verre kan det vere at frekvensforholdet mellom verb og substantiv endrar seg ein del, altså at det er fleire verb i ein talemålstekst. Men dette metodiske reknar eg med snart kan overvinnas, for det kjem talemålsbasar etter kvart.

Eg gjekk til den beste frekvensordboka for norsk, *Nynorsk frekvensordbok* (Vestbøstad 1989). Den inneheld nemlig også frekvensar på alle bøyingsformene av leksema. Med utgangspunkt i denne frekvensordboka kan ein tenke seg ein ideell tekst på f.eks. 1 000 ord. Heilt korrekt baserer teksten og resonnementet seg på 1 mill. ord i tekst – og det betyr noe i slike målingar – men eg avgrensa arbeidet mitt av praktiske grunnar. Det vil altså seie f.eks. at ordet *den* vil førekomme 35,965 gonger i teksten på 1 000 ord, preposisjonen *i* førekjem 35,13 gonger, osv. Av dei lite frekvente finn vi f.eks. ordet *vanske*, som dukkar opp 0,146 gonger. Dette ordet er nummer 578 på den rangordna lista over leksemfrekvens. Vi har her rettnok fått svært mange leksem med frekvens under 1 promille, men desse leksema blir vekta i forhold til frekvenstalet sitt, slik at det omsynet er bygd inn i utrekningane.

Neste steget i den matematiske modellen er nå å bestemme frekvensen av bøyingsformene av dei 578 ulike leksema og så gange den med leksemfrekvensen. Etter eit møysamelig arbeid kan ein da komme fram til tabellar som viser kor frekvent eit gitt morfologisk fenomen, altså eit språkdrag, har i denne tenkte gjennomsnittsteksten. Tilsvarende går ein fram med lydar og lydsamband. Det vil med andre ord også seie: Ein får ein koeffisient for kor ofte eit gitt morfologisk eller fonologisk språkdrag (eller variabel) har sjans for å opptre i språket.

I (7) er noen eksempel på slike koeffisientar som kan brukas til å vekte variablane i generaliseringar av ymse typar, anten ein kallar dei dialektprosent, tradisjonsprosent eller endringsprosent.

(7)

Noen morfologiske variablar:

Mask. i-st. flt.	0,414
Mask. a-kl. flt.	7,3947
Flt. sv. fem. -ur	1,416
Flt. st. fem. -ir	2,438788
i-mål (st. fem. best. eint. + nøytr. best. flt.)	4,092526
Tostava inf.	3,9087314
Kløyvd inf.	11,067021
Pres. hev	11,119275
Sterk pres.	11,922791
Pret. 2. kl. auløy	0,0450585

Noen fonologiske variablar:

Retroflekttering	22,89
Palatalisering av velarar	16,46
Dift.-/monoft.-fonem ei og øy	38,562

Etter slike tidkrevjande opteljingar kan så resultatet utnyttas i utrekninga av endringsprosent med utgangspunkt i ymse prosjektresultat. Ettersom dei sosiolingvistiske granskingane opererer med *prosent* gjennomføring av f.eks. ny variant, kan denne prosenten multipliseras med koeffisienten. Vi får dermed ein *endringsfrekvens* på denne måten når vi tar utgangspunkt i f.eks. Sigfrid Tvitekkja si avhandling (1998) frå Vinje i Telemark fylke:<sup>1</sup>

(8)

Variabel	Endringsprosent hos Tvitekkja s. 96 (her dialektprosent trekt frå 100 %)	Min koeffisient, dvs. førekomstar i tekst på 1000 ord	Endringfrekvens
1 Retroflekttering	89	22,89	20,3721
2 St. fem. omlyds-å	25	0,607	0,15175
3 <i>nd</i> : <i>nn</i> i utlyd	38	1,0304805	0,3915825
4 Palat. velarar	62	16,46	10,2052
			Fonologiske variablar samla 31,1206325
5 Mask. i-st. flt.	75	0,414	0,3105
6 Mask. a-kl. flt.	1	7,3947	0,073947
7 Flt. sv. fem. -ur	25	1,416	0,354
8 Flt. st. fem. -ir	30	2,438788	0,7316364
9 i-mål	42	4,092526	1,7188609
10 Tostava inf.	57	3,9087314	2,2279768
11 Rotvok. inf. 2. kl. st.	82	0,0207774	0,0170374
12 Kløyvd inf.	10	11,067021	1,1067021
13 Pres. hev	10	11,119275	1,1119275

<sup>1</sup> Tala gjeld rapportert tale. Men s. 103 seier Tvitekkja at desse tala stemmer godt med tilsvarende tal frå materialet med faktisk tale. Dermed opplyser ho ikkje om andre tal. Informantane er 28 i talet, og alle er 16–18 år.

14 Sterkt pres.	7	11,922791	0,8345953
15 Pret. 2. kl. <i>au/øy</i>	4	0,0450585	0,0018023
16 Pret. 5., 6. og 7. kl. st.	24	1,2005394	0,2881294
17 St. pts. 2. kl. rotv.	15	0,0113679	0,0017051
			Morfologiske variabelar samla 8,7788202
TOTALT			39,8994527

Dette vil seie at dei 17 variablane i ein gjennomsnittstekst på tusen ord vil få nesten 40 belegg hos ein gjennomsnittsperson i Tvittekkjas materiale, som er produsert av informantar fødd kring 1980. Og endringa er sett i forhold til det målet som ho reknar som gjennomført tidlig på 1900-talet – slik tolkar eg henne. Altså er det tale om endring over kanskje 80 år.

Det er eitt plagsamt forhold i desse tala. Vi ser at eit par fonologiske drag får svært store utslag. Den generelle fonologiske regelen om retroflekttering har ein koeffisient på heile 22,89, og palatalisering av velarar er vel 10. Dermed dominerer desse to draga i totalutrekninga. Så lenge vi ikkje legg inn ein teori å tolke mot, kan vi ikkje avgjøre at fonologien er meir eller mindre viktig enn morfologien. Men inntil vi har ei meir solid teoretisk grunngeving for ei ev. – og sannsynlig – vektning av dei to beskrivingsnivåa, gjør vi rett i å presisere tala for dei ulike nivåa. Dessutan er det nyttig å skilje ut morfologien, for dei fleste granskingsarbeid tar opp morfologiske variablar, mens det er meir ujamnt med fonologiske. Kanskje er dei fonologiske variabelsetta også mindre heilskaplige eller mindre komplette, slik at morfologien eignar seg best til jamføring av resultat frå ulike granskningar.

Ut frå slike refleksjonar kan vi i alle fall summere opp resultatata for Vinje slik:

(9)	
Vinje	Endringsfrekvens 1900 – 1980
Fonologi	31,1
Morfologi	8,8
Samla frekvens	39,9

Dette er frå Vinje i Telemark, som er eit relativt stabilt og grisgrendt fjellbygd-samfunn, men med utvikla kommunesenter.

I kommunen Nore og Uvdal i nabofylket Buskerud er det stor tilflytting, og her har Eric Papazian (1999) gjennomført ei gransking, rettnok etter ein spørjelistemetode, som langt frå er ideell. Men vi kan likevel ta med resultatata hans i dette eksperimentet.<sup>2</sup> Han har bare tatt opp morfologiske variablar og grammatiske ord, og dei kan omreknas som i (10) med mine koeffisientar:

<sup>2</sup> Papazian (1999) har 43 informantar i 9. kl. i 1994; og dei er trulig fødd i 1978 (s. 51).

(10)			
Variablar	Ungdom samla	Min koeffisient	Endringsfrekvens
1 <i>jæi &lt; e</i> (pron.)	53,6	6,621	3,548856
2 <i>vi &lt; me</i> (pron.)	56,9	6,341	3,608029
3 <i>ikke &lt; ikkje</i>	48,3	10,203	4,928049
4 Pres. st. v.	51,4	11,922791	6,1283145
5 Flt. fem i-kl. ubest.	69,7	2,438788	1,6998352
6 Flt. mask. a-kl. ubest.	64,2	7,3947	4,7473974
7 Flt. fem. sv. ubest.	69,0	1,416	0,97704
TOTALT			25,63752

Endringsfrekvensen har her òg utgangspunkt i “tradisjonell dialekt”, som vi kan la vere representert av generasjonen som lærte seg å snakke først på 1900-talet.

Eg har også sett dei interessante resultatata åt Bengt Nordberg (1972) og Eva Sundgren (2002) frå Eskilstuna inn i same utrekninga. Dei òg held seg til morfologiske data. Eskilstuna er altså ein større svensk by med relativt stabilt folketal og inga spesiell inn- eller utflytting.

(11)					
Variabel	1967	1996	Min koeffisient	1967	1996
1 Neutr. best. eint.	56	60	8,3352409	4,6677349	5,0011445
2 Neutr. best. flt.	38	61	4,092526	1,5551598	2,496408
3 1. dekl. flt. ubest.	7	8	1,416	0,09912	0,11328
4 Sup. 1. og 4. konj. (utan <i>-t</i> i a-verb og sterke)	26	25	7,375581	1,917651	1,8438952
5 Sup. 2. konj.	88	93	1,4880772	1,3095079	1,3839117
6 Pret. 1. konj.	16	15	3,0842985	0,4934877	0,4626447
7 <i>blev/vart</i>	48	49	3,710	1,7808	1,8179
TOTALT				11,8234613	13,1191841

Her er eg usikker på kva tidspunkt ein skal datere det “tradisjonelle målet” til, dvs. det som 1967-resultatet vik av frå med 11,8 førekøstar i ein tekst på 1 000 ord. Kanskje vi her òg kan våge oss til å sette 1900? Men tidsavstanden frå 1967 til 1996 er i alle fall presis nok, og på desse 29 åra er endringa heilt nede i 1,3.

## 6. Samfunnstypologi

Eg har brukt desse utrekningsmåtane på resultatata frå fleire norske prosjekt, og vi skal her gi noen endringstal som kan representere ulike typar lokalsamfunn.

Eikesdalen er ei lita bygd i Møre og Romsdal, som i 1950 låg isolert med knapt 250 innbyggjarar; i 1994 hadde bygda fått vegutløysing, men bare 84 personar budde att. Det var også eit tydelig mønster at mødrene på gardane var til-

flyttarar, og Liv Dagrund Austigard (1995 s. 207) kommenterer at bygda er "rett og slett for lita til at eit eige språksamfunn kan oppretthaldast der i vår tid".

Gode representantar for språklige smeltegryter er dei moderne industristadane Odda, Tyssedal<sup>3</sup> og Sunndalsøra<sup>4</sup>.

(12)

	Morfologisk endring på 1900-talet (litt ulike tidsperiodar)
By – stabil: Eskilstuna	13,1
Bygd – stabil: Vinje	8,8
Bygd – til- og fråflytting: Eikesdalen	11,1
Bygd – tilflytting: Nore og Uvdal	25,6
Industristad – regional tilflytting: Sunndalsøra	37,9
Industristad – regional. tilflytting: Odda	5,4
Industristad – nasjonal tilflytting: Tyssedal	39,1

Før ein går vidare med dette kvantifiseringsprosjektet, er det som antyda ovafor mange usikkerheiter som må avklarast. Ei viktig arbeidsoppgåve er å sikre på betre måte at ein får med tilnærma alle endringane. Ettersom det er nokså vanlig i kvantitative prosjekt å bruke variablar som er nokså frekvente, kan ein trulig rekne med at variabelutvalet som er brukt i dei ymse prosjekta, gir gode peikepinnar. Men samtidig veit vi at det er mange endringar ein ikkje legg merke til, heller ikkje vi som fagfolk. For eksempel går overgangane /ŋg/ > /ŋ/ og /ç̃/ > /ç/ uformert forbi i norsk faglitteratur. Her må ein altså ved ei kvalitetssikring finne fram til ein metode som vi kan bruke til å kontrollere at ein faktisk får med seg det meste.

## 7. Jamføring av dei to kvantifiseringsmåtene

Nå kan vi til slutt stille spørsmålet om "frekvensmålestaven" og "grammatikk-målestaven" ville ha gitt heilt ulike resultat, eller om dei bare utgjør ulike skalaar. Det er ikkje lett å jamføre, men vi kan igjen driste oss til eit lite primitivt eksperiment.

Teksten frå Ólafs saga er sjølvsagt ulovlig kort. Men vi kan våge å telje opp belegga på dei ymse systematiske overgangane slik:

<sup>3</sup> Austigard (1995) og Bjørn Harald Sandve (1976) har ikkje opplysningar om prosent i språkbruken, så her er tala basert på at dei nye dialektdraga han beskriv, er fullt ut gjennomført. Det representerer nok ei viss feilkjelde.

<sup>4</sup> Jenstad (1983 s. 35) opplyser at dette bygger på 31 inf. i alderen 16–30 år, dei fleste 16–19 år, oppvaksne på Sunndalsøra. Innsamlinga blei gjort i 1981, dvs. at ein kan rekne at dei fleste er fødd sirka 1963.

(13) Aktuelle systemendringar i norsk 1200–1500:

Fonologiske:

1) <i>ó</i> > <i>u</i>	2
2) <i>ð</i> > ÷	3
3) <i>-n</i> > ÷	4
4) <i>p</i> - > <i>d</i> - i pronomen og adv. (trykklette ord)	3
5) (Trykklett) <i>-k</i> > <i>-g</i> ( <i>mjøg</i> , <i>og/å</i> )	3
6) <i>ó</i> + <i>á</i> > <i>o</i>	3
7) <i>l</i> > <i>ɾ</i>	1
8) <i>at</i> > <i>o</i>	1
9) Progressiv <i>j</i> -omlyd ( <i>jó</i> > <i>jø</i> )	1
10) Kvantitetsomlegging	11
11) Reduksjon <i>a</i> , <i>i</i> , <i>u</i> > <i>e</i>	8
12) Fonemisert palatalisering av velarar	5

Totalt 45 fonologiske endringar

Morfologiske:

13) <i>-r</i> (nom.) > ÷	2
14) <i>-in</i> > <i>-a</i>	3
15) Pret. <i>-ði</i> > <i>-de</i>	1
16) <i>nøkkurr</i> > <i>ein</i> (gramm. ord)	2
17) <i>at</i> > <i>åt</i> (leksem)	1
18) Flt. adj. og pron. på <i>-ir</i> , <i>-ar</i> , <i>-ur</i> > <i>-e</i>	2

Totalt 11 morfologiske endringar

Syntaktiske:

19) Førstilt adjektiv, kvantor etc.	2
20) Genitiv > preposisjonsuttrykk	1

Totalt 3 syntaktiske endringar

Endringar totalt målt i frekvens: 60

Går vi så til perioden 1500–2000, blir frekvensane slike:

(14)

Fonologiske:

1) <i>gj</i> > <i>j</i> , <i>skj</i> > <i>sj</i>	2
2) Retroflektoring (ev. <i>før</i> )	2
3) Kort <i>o</i> > <i>å</i>	3
4) <i>ŋg</i> > <i>ŋ</i>	1

Totalt 8 fonologiske endringar

Morfologiske:

5) Bortfall av talbøying (flt. > eint.)	1
6) Dativ + nominativ > <i>éi</i> form	2

Total 3 morfologiske endringar

## Syntaktiske:

7) Kopling av verb + retningsadverb	1
8) Konnektiv inversjon > ÷	2
9) vera at > halde på og	1
10) Presenteringskonstruksjonen	2

Totalt 6 syntaktiske endringar

Endringar totalt målt i frekvens: 17

Når vi summerer opp dette, får vi:

(15)

	1200–1500		1500–2000	
	Etter grammatisk teljing	Etter frekvens-teljing	Etter grammatisk teljing	Etter frekvens-teljing
Fonologiske endringar	12	45	5	8
Morfologiske endringar	6	11	2	3
Syntaktiske endringar	2	3	4	6
SUM	20	59	11	17

Dette eksperimentet, som sjølvsagt burde ha vore brukt på ein lengre tekst, antyder at frekvensmålestaven gjør verdiane på forskjellen i dei to periodane enda større: Grammatikkmålestaven sirka 6,7 per hundreår i første perioden og 2,2 i andre, frekvensmålestaven gir (59 : 3 =) 19,7 mot (17 : 5 =) 3,4. Vi ser dessutan her òg at fonologien har ein tendens til å gi høgare tal enn dei andre nivåa.

## 8. Avslutning

Det er restriksjonar på kva som kan forandre seg, og kor mye, for det sosiale miljøet krev lojalitet til språklige normer. I stabile miljø er dei sosiale restriksjonane mange. I samfunn med stor ustabilitet – som på stadar med svært stor tilflytting på kort tid – er det minst etablerte normer, og utviklinga fram mot ein felles dialekt er eit forhandlings spørsmål med fåe føringar. Dei nye språkbrukarane hentar materiale til den nye dialektgrammatikken frå det kaoset dei hører rundt seg, og da hentar dei drag som dominerer, og som er grammatisk enkle. Derfor får vi i (12) relativt stor endring i Tyssedal, som hadde 34 % innflytting med austlandsk talemål, og Sunndalsøra med 24 % innflytting frå område utafor regionen, mens Odda har lita endring pga. at der var bare 6 % ikkje-regionale innflyttarar (Sandøy 2004).

Kan vi lage noe resonnement kring forståinga av dette? Når det gjeld samfunnstypane, har eg alt ovafor vist til utvikla teoriar. Men korleis kan frekvensane vere relevante? I følgje kognitiv teori er det ein tendens til at frekvente fenomen kan halde seg som irregulære drag, og endringar skjer lettare i ikkje-frekvente drag. Det har der med læring og kognisjon å gjøre. Det resonnement kan ein kanskje føre vidare slik at ved sosial ustabilitet blir kommunikasjonsvilkåra i språksamfunnet slik at også meir frekvente drag kan bli ramma av tendensen til endring. Men kognitivisten Bybee (2001) hevdar at reduksjonsfenomen lettare rammur frekvente fenomen. Her er altså teorien ikkje opplagt ennå. Her står absolutt meir igjen av idéutvikling, og den kan ein trulig komme lenger med ved å arbeide og eksperimentere med konkrete resultat.

## Litteratur

- Andersen, Henning, 1988: Center and periphery: adoption, diffusion, and spread. I: Historical Dialectology. Regional and Social. Red. av J. Fisiak. Berlin. S. 39–83.
- Austigard, Liv Dagrun Gjelsvik, 1995: Eikesdalen – eit marginalt språksamfunn. Hovudoppgåve, Nordisk institutt, Trondheim.
- Bybee, Joan, 2001: Phonology and language use. Cambridge.
- Indrebø, Gustav, 1951: Norsk målsoga. Bergen.
- Jenstad, Tor Erik, 1983: Eit nytt sentrumsmål veks fram. Drag frå talemålet til ungdom på Sunndalsøra. Trondheim.
- Milroy, James, 1992: Linguistic Variation and Change. Oxford.
- Nerbonne, John & Wilbert Heeringa, 2001: Computational comparison and classification of dialects. I: Dialectologia et Geolinguistica. Journal of the International Society for Dialectology and Geolinguistics 9, s. 69–83.
- Nordberg, Bengt, 1972: Morfologiska variationsmönster i ett centralsvenskt stadsspråk. I: B. Loman (utg.), Språk och samhälle 1. Lund. S. 14–44.
- Papazian, Eric, 1999: Dialektöd i Numedal? Om språkutviklinga i Nore og Uvdal. I: Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk, og språkhendingar på indre Austlandet. Red. av Turid Kleiva. Oslo. S. 49–61.
- Sandøy, Helge, 1985: Norsk dialektkunnskap. Oslo.
- Sandøy, Helge, 2000: Utviklingslinjer i moderne norske dialektar. I: Folkmålsstudier 39. S. 345–384.
- Sandøy, Helge, 2004: Types of society and language change in the Nordic countries. I: Language Variation in Europe. Papers from the Second International Conference on Language Variation in Europe, ICLaVE 2, Uppsala University, Sweden, June 12–14, 2003. Red. av Britt-Louise Gunnarsson et al. Uppsala. S. 53–76.
- Sandve, Bjørn Harald, 1976: Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal: Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra. Hovudfagsavhandling, Nordisk institutt, Bergen.
- Seip, Didrik Arup, 1955: Norsk språkhistorie til omkring 1370. 2. utg. Oslo.
- Sundgren, Eva, 2002: Återbesök i Eskilstuna. En undersökning av morfologisk variation och förändring i nutida talspråk. Uppsala. (Skrifter utg. av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet 56.)
- Trudgill, Peter, 1986: Dialects in Contact. Oxford.
- Trudgill, Peter, 1997: Typology and Sociolinguistics: Linguistic Structure, Social Structure and Explanatory Comparative Dialectology. I: Folia Linguistica. Acta Societatis Linguisticae Europaea 31/3–4. S. 349–360.



- Trudgill, Peter, 2002: Linguistic and Social Typology. I: The Handbook of Language Variation and Change. Red. av J. K. Chambers et al. Oxford.
- Tvitekkja, Sigfrid, 1998: Talemålsendring og sosial variasjon. Ei gransking av sociolingvistiske tilhøve i Vinje i Vest-Telemark. Hovudfagsavhandling, Nordisk, Universitetet i Oslo.
- Vestbøstad, Per, 1989: Nynorsk frekvensordbok. Dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk. Henta frå aviser, sakprosa og romanar, 1978–1984. Bergen.

## Svensk riktning

Ulf Telemar

### 1. Inledn

I den här stu  
en och dess  
Dialektal  
svensk tid. I  
vecklingen  
råden. När v  
de konverg  
om splittrin  
spelat in i d  
balansen ha  
tecknat live

Språklig  
som det ge  
åt. Men en  
markera si  
språk, t.ex

De spr  
inom gem  
sidan av et  
las genom  
genom att

Spridn  
ten av spr  
heten ant  
ger den v  
dan den s  
hela gem  
ten är inc  
lan de kc  
så relativ

En kc  
kedom, r  
mer påv